



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2020.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
56



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Oskar Grimstad
Visepres:	Anne Gry Eilertsen
Sekretær:	Vegard Gjerde
Kasserar:	Hanne Rognan
Past pres:	Bjørn Teigene
Styremedlem:	Idar Flø
Ansv.red.:	Anne Gry Eilertsen
Referent:	Anne Gry Eilertsen

Yver hengjemyri

Det er rotstokkane av alle trei som har stupt
ut i her, som gjer du kan gå
trygt over myri.

Slike stokkar held seg lenge, dei kan
ha lege her i hundretals år,
og enda er det eit morke skrimsel
att av dei under mosen,
dei er enno med og ber
so du kjem frelst yver.

Og når du skyv ut på fjellvatnet,
kjänner du att minnet um den kaldingen
som drukna seg her ein gong,
er med og ber den skrale pråmen .
Han, den glalningen, trudde livet sitt
til vatnet og æva.

Olav H. Hauge

Referat frå Rotarymøte 2. november 2020.

Pause på grunn av korona

President Oskar Grimstad minnte møtelyden på mailen som sekretær Vegard Gjerde sende ut søndag kveld om at det var viktig at alle overheldt regelen om at det berre skal sitje tre personar ved eit bord. Dette på grunn av at Covid-19 har blomstra opp att. Presidenten viste til at Volda Rotary Klubb har vedteke å pause på grunn av Korona, og at Herøy Rotaryklubb har avgrensa aktiviteten til møte berre ein gong i månaden.

Grimstad ville ha synspunkt frå møtelyden om kva Hareid Rotary Klubb skal gjere. Etter litt diskusjon vart konklusjonen at møta skal halde fram som før, med berre tre ved kvart bord, men at presidenten må følgje med utviklinga, og ta grep dersom Korona-situasjonen utviklar seg vidare.

Og grep vart tatt torsdag 5. november. Etter at regjeringa heldt pressekonferanse der bodskapen var at no skal alle halde seg heime i stort mogleg grad, sende president Grimstad ut mail om at Hareid Rotary Klubb tek ein månads pause frå møta sine.

38.400 kroner frå Krafttaket

På møtet 2. november kunne medlem Sverre Ulstein opplyse at Hareid Rotary Klubb kom på andre plass i konkurransen Krafttaket, rett etter Grodås Skianlegg.

Det kom inn 38.400 kroner til Hareid Rotary Klubb, og Ulstein takka medlemene for innsatsen. Pengane kan bli ein start på lys langs Rotary-stien frå Mjølkebrua til Grimstadvatnet etter kvart.

Sentrumsutvikling i Hareid

Prosjektleiar Julie Sundgot Andersen i Vekst i Hareid heldt foredrag om sentrumsutviklinga i Hareid under tittelen «Hareid sentrum inn i framtida».

Vekst i Hareid går i første rekke ut på å halde kontakt med bedrifter og arbeidsgjevarar, men Sundgot Andersen kunne fortelje at arbeidsgjevarar er oppekne av sentrumsutvikling og at Hareid skal vere ein attraktiv plass å bu. Ho har fått innspel både frå bedrifter og privatpersonar om utvikling av Hareid sentrum.

I tida framover vil det vere viktig å ha eit godt samarbeid mellom Hareid kommune og private aktørar. Kommunen kan ikkje klare jobben åleine.

Definisjonen på Hareid sentrum er ein kjerne som skal gi rom for alt frå næring- og handel til ikkje-kommersielle trivselstiltak og aktivitetar. Sentrum skal stimulere til at folk får lyst til å treffast, og då trengst det måteplassar.

- Vi må tote å definere kva som skal vere sentrumskjernen i Hareid, og så legge på funksjonar steg for steg innanfor kjernen, sa Sundgot Andersen.

KOMANDE PROSJEKT I SENTRUM

Via storskjerm presenterte Sundgot Andersen ein del av prosjekta som no ligg på teiknebrettet.

Megata Promenade er eitt av prosjekta. Johnny og Otto Holstad har planane klare for eit leilegheitskompleks med butikk i området der Hareid Rør & Interiør held til i dag.

G. Eilertsen har fått teikna eit prospekt for korleis eit leilegheitsbygg kan byggjast i området ved Cirkel K-bygget og i retning 1000-årspllassen.

Begge desse prosjekta ligg med utsyn mot Hareid hamn og sjøen.

1000-årsplassen har stått som ein open plett med asfalt, utan nokon funksjon, i fleire år. I samband med bygging av Helsehuset har det blitt grave mykje på 1000-årsplassen, som no står som ein open plett. Sundgot Andersen opplyste at i staden for å legge asfalt, er planen å skape eit grøntareal med levegar, leikeapparat og ein liten marknadslass. Der skal også vere ein gangveg som kan leie opp mot butikkane og Miljøgata. Ved 1000-årsplassen er det kome ei flytebrygge, og tanken er også å få der ei trekai og trapper ned mot sjøen.

På andre sida av ferjekaien skal det kome gangveg på nedsida av Trelast-bygget som leier inn til den ikoniske Tampen-bua, der det førebels på idestadiet er snakk om både restaurant og selskapslokale.

Johan-butikken. Bygninga etter den tidlegare Johan-butikken og reiarlaget Johan E. ligg like ved Tampen-bua, og også for dette området er det planar om ei teigedomprosjekt med leilegheiter i sjøkanten.

For alle prosjekta, frå Ytre til Indre Hareid, er tanken at det langs sjøen skal byggjast ei kaipromenade i tre. Dette ville knyte sentrum tettare saman.

«Frå molospiss til molospiss» og «Med vind i segla» er motto som det blir jobba etter.

Ved Miljøgata. Sundgot Andersen kunne opplyse at dei som eig nederste del av Pålhaugane ned mot Miljøgata er interesserte i at der skal byggjast omsorgsbustader, kafe og omsorgsaktivitetar. Men dette er førebels berre lause tankar.

Hareid Innovasjonssenter. I parken er det planar om eit innovasjonssenter som skal knyte til seg både næringsaktivitetar, kultursal, kulturskule og ungdomsskule. Tanken er å utnytte parkarealet rundt til leikeplass og møtestad.

- Når ungdom i ei spørjeundersøking svarer at Hareid ikkje er ein god plass å vekse opp, så har vi feila. Det er også tankevekkande at dei veit lite om kva næringslivet i Hareid driv med. Eg har tru på at det vil ha fordeler å knyte ungdomane og næringslivet tettare saman, sa Sundgot Andersen, som la vekt på at møteplassar og kulturaktivitetar er med på å auke bulyста.

Attraktive bustadtomter

Ho poengterte også at skal Hareid få vekst, må her vere attraktive tomter, blant anna på Holstad, Teigane, Brekkane og Plassane. Viss ikkje buset unge folk seg i Ulsteinvik.

Bubilparkering

Etter innlegget hennar vart det opna for å stille spørsmål, og Per Johan Rise etterlyste ein plan for bubilparkering. Julie Sundgot Overå var heilt samd i at dette var noko som mangla i dag, og at ein slik plass bør vere på plass til neste år.



Prosjektleiar Julie Sundgot Andersen i Vekst i Hareid heldt foredrag om sentrumsutvikling på Hareid Rotary sitt møte månad mandag 2. november.